

## Supplerande tekstar til rutene i tabellen

### **Kvalitetssamtalar**

**Jordmor, helsesøster og legetenesta** er dei første fagpersonane komande foreldre møter. Desse tre tenestene skal gjennom eit systemisk samarbeid sikre at foreldra får samtalar av god kvalitet med fagpersonell. Det systemiske arbeidet skal kvalitetssikre tre ting:

1. Kor mange samtalar av dette slaget som skal gjennomførast
2. Kva element som skal vere med i dei ulike samtalen.
3. At alle foreldre får delta på alle samtalane - uavhengig av kva teneste dei ønskjer å gjere bruk av.

Innhaldet skal gå på kva som er viktig for barnet si utvikling, og kva som kan vere viktige kjenneteikn på vaksne sine bidrag til gode eller uheldige utviklingsløp. Føremålet er å bidra til at foreldra kan kjenne seg trygge i rollane sine.

Ei anna oppgåve som vert lagt til det systemiske arbeidet i denne gruppa er å avdekkje/kartleggje uheldig livsførsel (rus, vold, overgrep, etc), og syte for at det vert ytt relevant hjelp.

### **Helsesøster og PPT - Zippys venner**

Eit undervisningsprogram for born mellom 6-8 år . Det har fokus på meistring. Programmet vert brukt siste året i barnehagen og på 1.årstrinn i barneskulen.

#### **Målsetjing**

Å identifisere og snakke om følelsar.

Å meistre dagleglivet sine utfordringar og problem.

Å støtte andre som har det vanskeleg

#### **Innhald**

Inneheld 6 modular, 1 skuletime pr. veke i 6 mnd (tils 24 timer). Modulane inneheld:

Følelsar

Kommunikasjon

Vennskap

Å takle konfliktar

Endring og tap

Meistring

Innhald i timane : Aktivitetane i timane varierer mellom historien om Zippy, teikning, rollespel, øvingar, leik og samtale.

#### **Bakgrunn**

Programmet kjem frå England, Partnership for Children. Voksne for barn har lisens på programmet i Noreg. Programmet blei gjennomført som pilotprosjekt i Noreg i 2004 –2005 på 5 skular i Stavanger og Oppland. Skoleåret 2008-09 var det 319 skoler i Noreg som brukar Zippys venner. Programmet er blitt grundig evaluert i Danmark og Litauen. Evalueringa viste at borna som deltok i programmet, viste tydelig betring i sosiale tame i høve til : Samarbeid, positiv sjølvhevding,

sjølvkontroll og empati. Borna som deltok i programmet hadde betre meistringsstrategier enn born som ikkje deltok også 1 år etter gjennomføringa.

### Tverrfagleg samarbeid

Programmet vert gjennomført som eit tverrfagleg samarbeid mellom barnehage/skule, skulehelseteneste og PPT. Lærar/pedagog har hovudansvar for undervisninga, helsesøster er med i timane som ein ekstra vaksen, og PP-tenesta bidrar på rettleiingssamlingar 3 gonger i løpet av programmet. Lærarane som har brukt programmet, gir gode tilbakemeldingar:

Dei tykkjer borna er blitt flinkare til å løyse konfliktar, seier fine ting til kvarandre og støttar kvarandre, dei er meir medvitne på følelsar, flinkare til å sei i frå og be om hjelp. Lærarane tykkjer også det verkar positivt på klassemiljøet. Fleire lærarar tykkjer dei gjennom Zippy har fått eit verkty til å snakke med borna når det oppstår vanskelege situasjoner /vonde følelsar.

### Opplæring

Det vert arrangeret ei 2 dagars opplæring for alle som skal undervise i programmet. Alle får utdelt kvar si Zippymappe som inneholdt historiane, lærarrettleiing og illustrasjonar. Kurs og materiell er gratis.

### *Helseteam*

Dett er eit tverretatlag team som består av kompetanse frå **barnehage eller skule, helsestasjonen, PPT, barnevern og psykisk helse**. Teamet er kalibrert for oppgåva, med heilt klåre reglar å jobbe etter. Helseteamet kan brukast av tilsette, foreldre eller born. Helseteamet har ikkje noko sakshandsamingsmandat, men er ein arena der ein kan ta opp utfordringar/bekymringar og få feedback. Helseteamet er også ei open dør og ein låg terskel inn til dei etatane som er representerte. Dei kan ta med seg oppdrag frå møtet og jobbe vidare med utfordringa innafor sine system.

### *Fysioterapi i 4-6 månadersalderen:*

Generell infomasjon og gode tips til foreldra - i grupper. Tema går på utvikling av beinstrukturar og musklar, og kva som er bra å vere obs på for å unngå uheldig utvikling.

### *Fysioterapi - tidleg styrt aktivitet i barnehagen og styrt aktivitet i 1. - 4.klasse:*

Dette er former for gymnastikk med instruktør, der borna får ivaretatt rørsleevne og motorikk for ledd og musklar i heile kroppen.

### *Fysioterapi og ergonomi i høve borna sine arbeidsplassar*

Fysiotapeut skal sjå på arbeidstilhøva (pult/stol) til elevane, og gi skulane råd om eventuelle endringar som kan gjerast for å unngå helseskade.

### *Observasjonsdager i 1. Klasse*

Her samarbeider **PPT, helsesøster og fysioterapi** med skulane.

Program for observasjonen:

1. Samling i klasse/gruppe der ein får observert merksemd, instruksjonar, aktivitet o.a.
2. Gymsal-aktivitet der ein får observere grunnleggjande rørsle, samspel, instruksjonar, overganger, ....
3. Individuelt arbeid der ein får observere merksemd, konsentrasjon, fagleg dugleik, o.a.
4. Gruppearbeid der ein får observere korleis samspel i mindre gruppe fungerer.

Så har dei møte med tilsette der dei går gjennom observasjonsresultata, reflekterer rundt situasjonar og opplegg, og vurderer/gir råd om eventuelle universelle eller individuelle tiltak. Oppfølgingsmøte med tilsette etter ein periode - der ein ser på korleis utviklinga går.

### **BUP (Barne- og ungdomspsykiatri)**

#### **DUÅ**

står for "**De utrolige årene**". Dette er eit program for foreldre, born og tilsette med tanke på forebygging og behandling av åtferdsproblem hjå born. Norsk forsking viser at det "normalt" går opp til tre år frå foreldra blir bekymra for barnet si åtferd til det vert sett i gang handsaming. Det at ein kjem så seint i gang, gjer at det blir vanskeleg å oppnå resultat. DUÅ har stor empirisk støtte. Norsk og internasjonal forsking viser at 2/3 av borna får betydeleg redusert åtferdsvanskar, og foreldra sine oppsedningsmetodar blir meir positive, stressnivået i heimane går ned, og relasjonane mellom vaksne og barn blir meir positive.

DUÅ vert finansiert av Helsedirektoratet, og RBUP Nord (Regionsenter for born og unge si psykiske helse) har fått ansvar for implementering og drift av DUÅ i Noreg. Dette er eit program som er nemnt i Stm 31, og i rundskriv for dei fleste støtteapparata i kommunen med tanke på tidleg innsats i det førebyggjande arbeidet. Her hjå oss er det BUP Nordhordland som står for innføring og gjennomføring av DUÅ - på oppdrag frå RBUP Nord.

Radøy kommune v/rådmannen har søkt RBUP Nord om å få innføre DUÅ i alle barnehagane, med oppstart våren 2011.

### **PPT**

#### **Kartlegging av framandspråklege, og nytt opplegg for desse.**

Det er tøft for eit barn ikkje å kunne norsk språk når det tar til i barnehagen/skulen. Barn som utan vidare vert plassert i barnehagen/skulen kan utvilke tilbaketrekkning, isolasjon, redsle, teikn på depresjon, eller kompensasjonsåtferd i form av utagering. Det er etablert ei kommunal plangruppe for Norsk 2 (N2) som skal utarbeide eit system for mottak, kartlegging og opplæring av framandspråklege barn. PPT er i gang med å lage eit kartleggingsopplegg for dei ulike aldersgruppene i barnehage- og skulelopet.

Arbeidet med alt dette vart sett i gang i januar 2011, og vi har som mål å ha det klart til skulestart 2011.

#### **Gjennomgang av system for spesialpedagogisk hjelp.**

Born som har behov for det, har rett til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen (Opl § 5-7). Vi må kvalitetssikre rutinane våre ved å ha dei i samsvar med Udir sin rettleiingar for dette.

#### **Gjennomgang system for etablering av spesialundervisning.**

Jfr. Opl § 5-1. Vi må bringe rutinane for etablering av spesialundervisning i samsvar med retningslinjene som er gitt i Udir sin rettleiar for spesialundervisning.

**Samarbeidsmøta** mellom PPT og barnehagane/skulane er også eit ledd i det systematiske arbeidet med oppfølging av skulane. Desse vert gjennomførte min. 2 ganger i året. Fokus på språk, motorikk, sosial kompetanse og meistring. Dette er eit viktig arbeid med tanke på at PPT kan kome på bana med tidleg innsats - i staden for med tilrådingar etter at ting har fått utvikla seg på feil måte over tid.

### **Barnevernet**

skal samarbeide med **barnehagane og skulane**. Avklare rutinar og plikter knytt til dette samarbeidet. I tillegg skal barnevernet delta på informasjonsmøter i barnehagane og skulane. Helse på foreldra og forklare korleis barnevernet arbeider og kva dei kan tilby når born eller heimar har behov for hjelp.

### **Overgangsplan barnehage/skule**

Det vart laga ein slik plan som var ferdig i skuleåret 09/10. Planen kan ivareta viktige suksessfaktorar i høve overgangen til skulen, og vi startar implementeringsarbeidet snarast.

### **Dialog som verkty**

Samspelsmetoden Dialog er tatt inn i kommunale einingar via **Barne og familietensta (Psykisk helse)**. Tilsette har blitt kursa til ulike nivå i programmet, og det vert brukt på ulike måtar ute i einingane. Dette er eit lågterskelverkty innan livsmeistring. No vil vi ta det meir systematisk i bruk, og m.a. tilby det til foreldre både i barnehagane og i skulane. Det vil styrke vaksenrollen - til å vere "aktør" heller enn "brikke" i møte med oppdragarutfordringane.

### **Utviklingsplan**

Barnehagar og skular skal utarbeide utviklingsplanar med utgangspunkt i ståstads- og organisasjonsanalysane som er gjennomførte i februar 2011. Planen skal evaluerast og justerast årleg og samsvare med einingane sine målekort. Målekorta må m.a. hente innhald frå analysearbeidet som er utført i oppvekstsektoren.

### **Skulen**

#### **Felles program for leseopplæring.**

PPT har fått i oppdrag å leie arbeidet med å kome fram til eit felles program for leseopplæring for skulane i Radøy. Dette arbeidet er godt i gang, og det skal satsast på eit program som viser til gode resultat både lokalt og andre stader i landet. Dette vil sikre at alle elevane i Radøy får leseopplæring etter same metodikk. Det vil også gi eit samla kompetansemiljø i kommunen på dette viktige feltet.

#### **Fokusprogram for meistring.**

Det skal lagast gode strategiar for å fange opp elevar langs heile linja for å unngå at dei går lenge utan å meistre. I løpet av året før eit knekkpunkt skal ein ha fokus på å førebu elevane på

nivåhoppet som kjem. Eit viktig ledd i dette er å implementere overgangsplanane som er laga; mellom barnehage og 1.klasse, og mellom 7.klasse og 8.klasse.

### ***Felles etterutdanning i klasseleiing og leseforedling.***

Forskinga er eintydig på at manglande foredling av lesetame etter kvart som tekstane vert meir avanserte, er hovudårsaka til at elevar ramlar av lasset i møte med knekkpunktene på La linea. At læraren er ein god og tydeleg leiar i klassen er eit anna avgjerande kriterium for at elevane skal lukkast i læringsarbeidet. Difor skal dette ha 1.prioritet som eit felles løft i heile radøyskulen.

### ***Forskningsbasert utvikling av læringsstrategiar.***

Dette heng nøyne saman med punktet ovanfor, og med utviklinga av system for vurdering. Gjennom å ta i bruk systemiske arbeidsprosessar for å lage og vidarutvikle desse ordningane, vil det tvinge seg fram fokus på kva som gir læring. Svara ligg i nyare forsking (t.d. Hattie - 2009).

### ***Kvalitetssystem for psykososialt arbeidsmiljø.***

Radøy er forplikta på dette etter Opl § 9-2, og gjennom kommunen sitt manifest mot mobbing. Kvar skule skal ha system for dette - og syte for at det til ei kvar tid er i praktisk bruk - dvs. er godt implementert. Desse systema skal vere tilgjengelege på kvar skule si heimeside.

### ***Kurs for foreldre.***

Dette kan utviklast som eit forum for foreldre der t.d FAU kan vere med å bestemme innhaldet. Austebygd skule er i gang med slike kurs (rettar og pliker - korleis stimulere borna si læring - utfordringar ved overgangen 4kl.-5.kl.) Radøy ungdomsskule kursar alle foreldra i karaktersystem og nye vurderingsformer knytt opp mot Kunnskapsløftet. I tillegg har FAU ein årleg temakveld i samarbeid med MOT. Dei andre skulane har planar om å kome i gang - vi er i ei utprøvingsfase på dette.

### ***Praktisk læring***

Denne våren (2011) kjem det ei stortingsmelding for ungdomsskulesteget. Den kjem til å dreie seg mykje om utdroppingsproblematikk - særleg i vidaregåande skular, og om høgt teoritykk i grunnskulen - særleg ungdomsskulen. Forsking viser at skular som har høg kvalitet på praktisk-estetiske fag, også skårar høgt på PISA-undersøkingar. Å "praksisgjere" delar av den teoretiske undervisninga er ein strategi som viser seg å føre til meir meistring og betre læringsresultat generelt. Med utgangspunkt i denne kunnskapen, har Udir sett i gang eit forsøk med arbeidslivsfag på ungdomssteget. Radøy ungdomsskule og Årås skule i Austrheim er med i eit samarbeid knytt til dette forsøket. Faget er eit alternativ til framandspråk og språkleg fordjuping i engelsk og norsk.

### ***I'ts learning***

Dette er ei digital læringsplattform. Ein kan forklare måten det verkar på, som separate intranett

- mellom eleven og læraren/lærarane
- mellom heimen og læraren/lærarane
- mellom tilsette innanfor kvar skule
- mellom tilsette i ei større gruppe av lærarar/skulalar/rektorar

Plattforma er godkjent etter personvernlova. Den er også knytt opp mot store mengder av nettbaserte læringsressursar, og gir høve for elevane til å levere inn oppgåver og arbeid digitalt. Dei kan også få innsyn i si eiga digitale vurderingsbok etter kvart som den utviklar seg. Det kan også leggjast til rette for å ta prøvar direkte i It's learning. Elevane, foreldra og tilsette har tilgang til sitt "klasserom" uansett kor dei er i verda - berre dei har Internett og sitt unike brukarnamn og passord.

Radøy kommune har kjøpt lisens for alle skulane i kommunen. Skulane har kome godt, men ulikt, i gang med å ta dette verktyet i bruk. Implementering av ny IKT-plan vil få dette på plass.